

Til

Hordaland Fylkeskommune

TILSKUDD TIL PROSJEKTET «UTEOMRÅDE - LEIKESKOGEN» - REVISORS UTTALELSE

Sund kommune har i 2014 mottatt tilskudd på kr 110.000 i forbindelse med prosjektet «Uteområdet - Leikeskogen» ved Skogsvåg skule/Pollen skule.

Den reviderte regnskapsutskriften som Sund kommune har sendt viser samlede utgifter på kr 110.010.

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av kostnader og inntekter, og oppsummeres som følger:

1. Vi har innhentet oversikt over kostnadene som er ført på prosjektet og kontrollsummert disse.
2. Vi har på stikkprøvebasis rimelighetsvurdert og kontrollert de vesentligste kostnadskontoer og beløp mot underliggende bilag.
3. Vi har på stikkprøvebasis kontrollert de vesentligste inntektskontoer mot underliggende bilag, samt at vi har kontrollert rapportert tilskudd mot tilskuddsbrev.

Vårt arbeid avdekket ingen vesentlige feil eller avvik.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt i denne rapport og skal ikke brukes til noe annet formål.

Bergen, 19. desember 2014
Deloitte AS



Bjørne Ryland
statsautorisert revisor

Nærmiljøkvalitetar/Helsefremjande SFO – rapporterings skjema 2014

Skjema er utfylt av Namn: Bente Helen Sangolt Tittel: Rektor
Organisasjonsnummer og organisasjonsnamn: Sund kommune, org nr. 975287815 Adresse: Skogsvåg Postnummer/stad: 5382 Skogsvåg E-postadresse: bentehelen.sangolt@sund.kommune.no
Årsrapport Rapportering for eit avslutta år/avslutta prosjekt Statusrapport Rapportering undervegs
<p><i>Kva er hovudføremål med prosjektet? Tittel på prosjektet. Kort samandrag av prosjektet.</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Tittel:</i><ul style="list-style-type: none">○ Nærmiljøarena – Skogsvåg skule• <i>Hovudmål:</i> Utvikle ein arena som legg til rette for allsidig aktivitet i og utanfor skule/SFO – tid, både for barn, unge, vaksne og eldre.• <i>Delmål</i> -Fremja god fysisk, psykisk og sosial utvikling hos barna. -Utbetre i og rundt Leikeskogen og legge tilrette for eit godt nærmiljø med møteplass for ulike grupper, lag og organisasjonar. -Utvikle eit uteområde som eignar seg til å lage sunn, kreativ og god mat utandørs. Fremja godt og sunt kosthald.• <i>Kort samandrag:</i> Vi har laga sti til leikeområde i skog ved skulen. Her har vi lagt til rette for allsidig leik med mellom anna tarzanløype, husker, klatretau og bålpanne. SFO har hatt faste dagar med matlaging i skogen. Dette har resultert i eit kokehefte. Vi har planlagt leikearena på skuleplassen. Den vert ferdigstilt sommaren 2015 grunna utbygging av skulen. Folkehelseprosjektet er lagt inn på timeplanen til alle elevane. Aktiv bruk av nærområde i SFO-tid: Leikeskogen, fototur, idrettsbanen, rulleskøyter og idrettshall.
<p><i>Kva mål har de oppnådd og korleis vurderer de måloppnåinga?</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Klare mål om fysisk aktivitet på månadsplan i SFO har ført til auka aktivitet og medvit om fysisk helse.• Ved å legge folkehelseprosjektet på timeplanen har alle elevane vore aktivt deltakande i prosessen og arbeidet.• Matprosjektet i skogen har vore vellukka.
<p><i>Vurdering av valte tiltak</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Sti til leikeskogen: Vi har laga grussti med bruer og trapp. Dette har gitt god tilkomst til Leikeskogen. Stien er mykje brukt. Tiltaket vellukka.• Sykkelsti: Stien er ikkje særleg eigna til terrengsykling.• Bålpanne: Vi har laga benkar rundt bål og fått bålpanne som vi steiker og koker på. Vi har også laga steinovn. SFO lagar mat i skogen kvar veke. Tiltaket er vellukka.• Naturklatrejungel: Vi har laga tarzanløype, venskapsdisse og klatrenett. Dette er populære aktivitetar for alle elevane på skulen. Tiltaket er vellukka.• Rulleskøytebane: Vi har kjøpt inn utstyr og prosjektert bane. Utstyret er i aktiv bruk kvar veke. Tiltaket er vellukka• Lage ny sti til Storaskjenet: Elevane har merka og rydda sti. Vi har også planar om å involvere turlaget. Tiltaket er undervegs.

Korleis er prosjektet implementert i folkehelsearbeidet i kommunen?

- Kommunen har fokus på å auke den fysiske aktiviteten hos innbyggjarane.
- Fokus på verdien av å auke aktiviteten i naturlege omgjevnader.
- Sund turlag og kommunen har utarbeida kart som viser gode stiar og turar i kommunen.
- Biblioteket arbeider med å slå saman lesing og fysisk aktivitet.

Vi opplever at vårt prosjekt i stor grad utfyller og bidreg i kommunen sitt folkehelsearbeid.
Ulike organisasjonar deltek i skulen sitt prosjekt og det fører til spreing i kommunen.

Beskriv kort om prosjektet vil føre til ein langsiktig tenking rundt samarbeid om eit nærmiljøprosjekt?

- Ved at vi har hatt mange samarbeidspartar i dette prosjektet, vil det føre til vidare samarbeid om nye prosjekt. Vi opplever det som svært vellukka å involvere ulike organisasjonar. Organisasjonane representerer ulike grupper menneske i ulike aldrar.

Korleis vurderer de at tiltaka har verka som nærmiljøtiltak?

- I vår nærmiljøarena har vi tilbod til mange ulike aldersgrupper. Dette involverer mange i nærmiljøet.
- Leikeskogen er open og tilgjengeleg for alle turgåarar. Skogen ligg i eit populært turområde.
- Prosjektet har verka samlande på skulen og SFO, gjennom elever, føresette og tilsette. Det har skapt stort interesse og engasjement i lokalmiljøet.

Kor mange delteke i prosjektet: Direkte. Kven? Indirekte. Kven?

- *Direkte:*
 - Skogsvåg skule og SFO med tilsette og elevar
 - Føresette som også har representert idrettslaga.
 - FAU
 - Sotra vidaregåande skule
 - Skogsvåg kvinne og familielag kvinne og familielag
 - Grunneigarar
 - Sauafjellet FUS barnehage
 - Byggklassen ved Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund.
- *Indirekte:*
 - Sund kommune ved kontrollgruppa.
 - Bergen og omegn friluftsråd

Korleis har de gjennom prosjektet og utvikling av tiltak involvert borna i SFO?

- Borna har jobba aktivt med stien kvar veke i heile haust. Dei har bore grus, rekna volum, skrive logg.
- Borna har vore med på å utbetre bålplassen. Dei har førebudd og laga mat på bål. Matgruppa ved SFO har laga eit eige kokehefte.
- Rulleskøyten er aktiv i bruk. Her er det grupper som får lov å gå på skøyter, enten ute eller i Sundhallen. Dette blir gjort på ettermiddagen i SFO-tida.
- Samtale og diskusjonar kring prosjektet. SFO-barna har fått medverknad og har kome med innspel til korleis Folkehelsearenaen på skulen og i skogen skal sjå ut.
- Samtalar kring sunn mat og kosthald, særskilt i utematgruppa.
- Vi har hatt fototurar i Leikeskogen og på skuleområdet, dette for at dei skal få sjå naturen på ein ny måte. Det har kome mange flotte motiv ut av turane.

Har sluttresultatet av prosjektet overføringsverdi til andre? Kven og korleis?

- Timeplanfesta aktivitetar i prosjektet har gitt god framdrift i arbeidet. Det gjer at alle på

skulen blir delaktige gjennom heile prosjektet. Alle får eit eigartilhøve til arbeidet og det vi skapar. Det motiverer og engasjerer! Dette gjeld både elevar og tilsette. Dette er verdt å ta med seg til andre skular/SFO eller andre organisasjonar som skal gjennomføre eit prosjekt.

- Det at vi har mange ulike grupper og organisasjonar involvert i prosjektet, opplever vi som svært positivt. Mange involverte gjev gevinst i spreining og dermed stor kjennskap til området og aktivitetane der.
- Sluttresultatet med ein folkehelsearena som legg til rette for fysisk aktivitet for menneske i alle aldrar har stor overføringsverdi!

Dato:

Signatur:

Tittel/rolle som godkjenner: